Førsteblad

5131

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum

Emne: Lauving

Bygdelag: Sörskogbygda

Oppskr. av: Per Kjönsberg

Gard:

(adresse): Sörskogbygda

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

Lauv som vert rispa av trea.

1. Einskilde lauvar litt ennå, helst på småbruk.
Før har ~~det~~ lauv vori rekna som årvisst fôr.
Nå lauvar ein berre om ein har tid til det,
sjølv om det er lite høy. Sume lauva litt
endå under siste krigen, men ikkje serleg
meir enn i åra før.
Lauvinga har spakna av litt etter kvart
etter 1900. Før den tida leigde dei ofte folk
til å lauva på gardane. Dette slutta
etter kvart til ikring 1920. Sidan er det
berre på småbruka folk held fram – om dei
har tid, men det er helst eldre folk som
held fram.

2. Tida for lauving har vori etter slåttonna.
Ein har nytta lauv av selje, osp, rogn
og bjørk, og litt or.
Namna på arbeidet er „å rapa lóv" (av selja),
men „å ta lóv" av osp, bjørk og or, og
endeleg „å plokke lóv" av rogn. Alt går
etter måten ein lauvar på. Men sams
for alt heiter det „å lóvrå" og „lóvråing".

3. Vanleg reidskap til å ta „hakklöv" og
„Kjervlöv" er hakk, ein avkappa ljå med

2438

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2438

eit lite skaft på. Summe, serleg i eldre tid, bruka eit slags kniv med ein liten krok på ytre enden.

Det har vori skikk å böygja ned greinene med ein kjepp 2-3 alner lang. Kjeppen hadde ein sterk avskoren kvist i ytre enden til å fata kring greina. Ask og eik veks ikkje her.

Siljulauvet vert alltid „rapa" av. Når ein talar om å rapa, veit alle at det gjeld siljulauv. (Silju = selje). I eldre tid då falk rapa mykje, brukte dei ein gamal hanske på eine handa.

4. Det har vori så ymse med om dei hogg ned trea eller ikkje. I tett ungskog av björk tok dei ofte lauv av ståande tre. Elles var det brukeleg å hogga ned slikt som dei seinare hogg opp til ved. Rognen hogg dei sjeldan ned, men plukka av Etada utan å skoda kvistene. Det var få som tok lauv i utmarka, men om dei so gjorde, var dei då lite varsame med trea. Då tok dei beste lauvet, ~~same~~ kor det gjekk med treet. Var det stort, hogg dei det ned. Dei trea som vanleg vart „kollse", var silju og einskilde rognar, dei siste mest for å få tett krone på dei. Ei silju med mye greiner vart då kolla ein „siljukal". (Lang djup a) Ein kolla aldri ei silju så lenge ein kunne böygja greinene. Ein hogg ned små-greinene og „etlse att" den störste og rakaste, som ein då „kollse" og fekk „siljukal" av.

Kor ofte ein kolla siljukallen kom an på kor stive greinene var. Vanleg gjekk

det nok 5-6 år, men det ser ikkje ut som det var nokon regel. Kylle-kolle.
Det var brukeleg å rapa i alle år, berre ein kunne få bøygd greinene ned.
Siljukallane kunne få stå i lange tider, og stomnen kunne vera over halometeren tjukk. Mange var bygge av ein pen „siljukall", men nå er slike eit sjeldsyn.
Inngjerding kring trea er ukjent.
Det er rimeleg det har knytt seg ei eller annor ovtru til siljekallane, men dette er det ingen som kan gje rede for. Eg kan hugsa eg hogg øksa i stomnen på ein siljukall då eg var smågut. Eg skulle hogga ned greiner til bestemor. Ho vart eitrande sinna, men kva den eigentlege grunnen var, minnest eg ikkje. Eg kjøpte småbruket Øvergård av ei enkje som sjølv budde i Lysaker 1943. Versyster hennar på 76 år, ein etling av Bergjemann (Sjå S. Nergård) hadde bustadrett i ei lita stove på bruket. Eg hogg ned 2 siljukallar i 1943. Dei var rotne og skygge. Då ho såg det, sa ho: „Detta er ittje bra, lell. Det er itj nå gott åt slikt". Det kunne ikkje vera for nytta at ho sa slik trea gjorde, heller ikkje for venleiken. Meir forklåring ville ho ikkje ut med. No er ho død.

5. Ein hadde lauvet: pertmeisar og seinare i viermeisar. Rapalauvet vart turka på bakken. Var veret utrygt, la ein alt som hadde rom, på lågolvet. Ein gjorde like eins med „hakklauvet". Det siste var stutte, fine bjørkkvister som ikkje vart kjerva. Sume tok osplauv på same måten.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2438 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Rognlauvet turka ein like eins.
Mot kvelden raka dei saman lauvet i lange „reker", ikkje i „sater".
Kjervelauvet vart anten turka inne på låven, kjervane side om side rundt veggen og på kjeller oppunder taket. Det fekk stå så fritt som råd var. Var veret trygt, reiste ein kjervane opp rundt låveveggen ute. Sume sette ei stong-hesj mot låveveggen med dobbelt stongrad så dei skulle liggja betre. – Sidan lauving i utmark har vori lite brukt, var det sjeldan ein sette opp vinterhesjar for lauv. I gamal tid har dei likevel hatt lauv i utmarka. Dei turka då fyrst kjervane, laga så eit slags golv av kavlar mellom to tre, la kjervane oppå med rota ut og tekte med granbar og stenger. Desse golva laut liggja så högt at korkje kyr eller elg nådde opp. (Dette siste etter klokkar Nilsen i Nord-Osen, fødd 1845–46)
Ein heldt skuggeturka lauv for best.
Lauv oppsett på lauv ukjent.
Kor mange kjerver som var i ei lauvhesj, trur eg ikkje Nilsen fortalde meg i 1936 då eg sist tala med han om dette. Han sa det var eit lite hesllass på kvar stad.
Lauvkjervane rekna ein i „snesar" på 10. Det er truleg at dette er berre i nyare tid.
Lauvet var samla i „ünd-låven", midt under treskelåven til vinterlagring, i alle fall rapalauv og hakklauv – og rogglauv, dersom dei hadde.
Halvturka lauv samanpressa som nemnt i spörjelista er ukjent.

6. På satrane tok dei ofte lauv. Dette vart frakta heim ovanpå høylasset om det var kjervlauv, elles laut dei ha det midt inne i lasset. Kring satrane tok dei gamle ofte litt lauv i skogen, serleg om det var ein gamal „brånå" i nærleiken der det kom opp mykje småbjørk etter skogbrannen.
Slikt lauv kjerva dei og bar til saters i børsvolk (børsvolk) med det same.
Det var helst budeia som gjorde dette, serleg småbrukarkoner som sjølv låg på setra.
Lauvteigar er ukjent, men einstaka gardar som selde unda skogen kring midten av fyrre hundraåret, tok ofte att rett til lauvtak, mosetak, storrslått og turt avfall (ved). Dette tyder på at lauving i utmark har vori brukeleg.

7. Lauvtaket nå går for seg mest berre i innmark og lite der med.
Det er kvinnene som lauvar, men karane kan hjelpa til med nedhogging, og ein sjeldan gong med lauving.

8. Etter lauvet er turt, kjem det, eller rettare kom det, åt „undlåven": Nå finst det korkje trysklåve eller undlåve meir, og folk har det vesle lauvet sitt innst på „kjørsla" eller i ei krå i førgolvet i låven. Sume har fjøstrev som dei har lauv og hå på. Mange la før i tida lauvkjervar ovanpå høyet. Hakklauv og rapalauv blanda dei sjeldan i høyet. Sauene og geitene fekk mykje kjervlauv. Men elles fekk alle dyra litt, oftast til kvelds, men det var ikkje til noka fastsett tid, og ulikt på ymse stader.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 2438

Eg høyrde aldri at kua fekk meir enn ein kjerv om gongen. Sume bønder bløytte kjervane i kokande vatn og ga dei til dyra varme. I vatnet la dei då etterpå noka rapalauv, kanskje hestmøkk, og så fekk kua det med.

9. Dei fleste trudde seljelauvet var best. Rognlauvet var au sers bra.

10 Ukjent (Ingen alm.)

11. Så vidt eg veit har det aldri vori samlauving.

12 Fell bort. 13 like eins

14. Ask finst ikkje. Mange kolla bjørk, men det var meir for å få eit tre med lett og rund krone enn for lauvet si skuld.

15. Fell bort.

B. Lauv som vert raka saman på bakken.

1. Lauv som har falli av på bakken, vert kalla „surlóv". Eldre folk kring 1900 kalla det rakalóv. Når dei tala om surlóv meinte dei elles helst osplauv som hadde falli av.

2. Ein raka saman mest alle slag, når det berre var turt ver og lauvet fall tett, så det var lett å samla.

3. Ein raka det saman med vanleg høyrive. Hendene vart ikkje brukt til samanskraping.

4. Det vart frakta heim i dei vanlege meisane.

5. Kvinner og born stod for arbeidet.

7. Rognlauv og osplauv vart bruka til „sörpe". Bjørk- og orelauv vart helst nytta til „strø".

6. Ein la det for seg sjølv, anten på fjøstrev, i fjøsskut eller i underlåve.

2438

7. (Fortsett.) Det var helst kyrne som fekk surlauv.

8. Det var därleg fôr. Rogn og osp gjekk an. Det andre var „grisbusü." 9. Vart ikkje nytta som fôr under Krigen, berre som strø.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING